

Uskedelingar får tilskot

04.06.2009

To uskedelingar har fått tilsegn om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket for 2009 (SMIL).

Lars Haugland får godkjent eit tilskotsgrunnlag på 60.000 kroner for 600 meter gjerde og rydding av 30 dekar beite.

Med ein prosentsats på 27,5 blir det ein tilskotssum på 16.500 kroner. Han får ein frist for ferdigstilling til 30. juni 2012.

Oddbjørn Kroka (som har gard i Mauranger) har fått godkjent eit tilskotsgrunnlag på 26.600 kroner for 700 meter gjerde og rydding av fire dekar beite.

Med ein prosentsats på 27,5 får han 7.300 kroner i tilskot med ein frist for ferdigstilling fastsett til 31. desember 2009.